



Saksbehandlar: Olav Skarsbø, Næringsavdelinga
Sak nr.: 13/1545-25

Orientering om breibandtildelinga frå Post- og teletilsynet

Hovudutvalet tek orienteringa til vitande

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått tildelt kr. 39 532 050,- frå den nasjonale støtteordninga for breibandutbygging i 2014. Løyvinga går til 23 prioriterte utbyggingsprosjekt i fylket, eitt i kvar av dei 23 kommunane som søket om breibandstøtte. Når utbygginga er gjennomført vil 2454 husstandar i 23 kommunar få eit breibandtilbod av god kvalitet.

Tildelinga til Sogn og Fjordane utgjer 25% av den totale potten på kr 159,4 millionar. Strategien om å søke fylkesprosjekt med Sogn og Fjordane fylkeskommune som prosjekteigar ga god uttelling.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har forplikta seg til ei delfinansiering av dei 23 breibandprosjekta på 15 prosent, totalt kr 9.159.475. Fylkesdirektøren for næring fekk i sak 28/14 fullmakt til å fordele tilgjengelege breibandmidlar og rangere søknadane.

Kommunane si samla delfinansiering av prosjekta er kr 6.331.840, inkl. eigeninnsats, etableringsgebyr og eigeninnsats frå innbyggerane er prisa til kr 3.871.575, medan leverandørane sitt bidrag er kr 33.584.000,-. Brutto utbyggingskostand er kostnadsrekna til 92,5 millionar kroner.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er prosjekteigar og tilskotsmottakar for dei to fylkesprosjekta som fekk løyving. Prosjekteigar er ansvarleg for rapportering og oppfølging mot Post- og teletilsynet. Dei 23 prosjekta vert delprosjekt, med kommunane som delprosjekteigar. Kommunen er ansvarleg for å gjennomføre eigne utbyggingsprosjektet med ein felles framdriftsplan som beskrive i søknaden.

Post- og teletilsynet stiller krav om at prosjekt som får tilskot etter denne ordninga, vert gjennomført i samsvar med lov og forskrift om offentlege innkjøp. Prosjekta skal lysast ut på Doffin. Anbudsutlysing og kontrakt med utbygger må vere i tråd med ESA sitt vedtak og Post- og teletilsynet si notifisering av støtteordninga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil saman med IT-forum Breiband og Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI) gjennomføre kurs og informasjonsmøter for kommunane etter behov.

14. og 15.oktober vart det gjennomført kurs i Prosjektstyringsmetodikken PLP (ProsjektLederProsessen)

21.oktober er det kurs i regelverk for offentlig innkjøp. Det er og planlagt eit oppfølgingskurs i offentlig innkjøp

Oversikt over utbyggingsprosjekt og kostnad

Kommune	Prosjekt	Hus	Brutto kostnad	Post- og teletilsynet	Fylkeskommune	Prosjektleiing	Kommune	Etablering	Leverandørbidrag
Askvoll	Bulandet og Værlandet	40	6 275 000	2 817 500	603 750	45 000	279 375	279 375	2 250 000
Aurland	Undredal	40	3 400 000	1 960 000	420 000	45 000	375 000	-	600 000
Balestrand	Fjordane	78	3 300 000	1 960 000	420 000	45 000	125 000	250 000	500 000
Bremanger	Hauge område	265	6 135 000	1 512 000	324 000	45 000	155 000	124 000	3 975 000
Eid	Haus, Ervik og Øvre Kjølisdalen	40	1 145 000	381 500	81 750	10 000	71 750	-	600 000
Fjaler	Flekke	65	2 675 000	1 200 000	250 000	45 000	205 000	-	975 000
Flora	Stavøy	28	2 578 100	1 510 670	323 715	45 000	278 715	-	420 000
Førde	Ytre del av Hornnes- Hesjedalen	38	2 870 000	1 517 000	345 000	45 000	300 000	93 000	570 000
Gaular	Bygstad	306	7 544 340	2 047 080	438 660	30 000	-	438 600	4 590 000
Gløppen	Kandal	26	2 020 000	1 050 000	225 000	30 000	195 000	-	520 000
Hornindal	Løddøen-Gausemel til Møre grense	130	6 500 000	3 185 000	682 500	45 000	637 500	-	1 950 000
Hyllestad	Sørbovåg og Skifjord	375	4 875 000	2 100 000	450 000	100 000	200 000	150 000	1 875 000
Høyanger	Lavik	65	1 570 000	399 000	85 500	25 000	60 500	-	1 000 000
Leikanger	Hamre - Hella	40	3 600 000	1 820 000	390 000	40 000	250 000	100 000	1 000 000
Luster	Skjolden	135	5 025 000	2 100 000	450 000	30 000	420 000	-	2 025 000
Lærdal	Eri-Hundere til Seltun	159	5 944 000	1 830 000	392 000	150 000	-	392 000	3 180 000
Nausdal	Naustdal sentrum vest	200	3 340 000	1 050 000	225 000	65 000	100 000	400 000	1 500 000
Selje	Borgundvåg og Nordfjord hamn	27	2 032 000	1 139 000	244 000	30 000	214 000	-	405 000
Sogndal	Sogndalsdalen	70	3 780 000	2 105 000	572 000	50 000	100 000	323 000	630 000
Solund	Kolgrov og Ytrøy	114	8 260 000	3 680 000	1 200 000	170 000	750 000	750 000	1 710 000
Stryn	Rise - Mindresunde	108	4 888 000	1 710 800	366 600	60 000	-	306 600	2 444 000
Vik	Feios	50	3 150 000	1 600 000	480 000	50 000	270 000	-	750 000
Årdal	Vikadalen	55	1 572 500	857 500	190 000	45 000	100 000	265 000	115 000
		2454	92 478 940	39 532 050	9 159 475	1 235 000	5 096 840	3 871 575	33 584 000

Hus: Tal husstandar som får tilbod om breiband med denne utbygginga. Talet er henta frå kommunen sin søknad.

Brutto kostnad: Totalkostand for prosjektet. Sum alle kostander.

Post- og teletilsynet: Staten sitt tilskot til prosjektet. Vert utbetalt gjennom fylkeskommunen.

Fylkeskommune : Fylkeskommunen sitt tilskot til prosjektet. Vert løyvd i møte i hovudutvalet for plan og næring 28.oktober

Prosjektleiing: Beløp sett av i kommunen til prosjektoppfølgning. Skal dekke utgifter til kurs og kompetanseheving, reiseutgifter og kommunal eigeninnsats

Kommune: Kommunen sin del av prosjektkostanden. Løyving må sikrast gjennom politisk vedtak hausten 2014

Etablering: Husstandane sin del av prosjektkostanden. Eigendel i form av betaling og/dugnad etter avtale med breibandleverandør

Leverandørbidrag: Bidrag frå breibandleverandør. Dette beløpet er i dei fleste prosjekt estimert ut frå erfaring frå liknande prosjekt som er gjennomført tidlegare.